

**Notat**

Dato: 11.11.2019  
Saksnr: 2019/28-4  
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

---

**Til:** Finansutvalet

---

**Frå:** Prosjektleiaren

---

## **Tilleggsnotat til arbeidsdokument 7/19 - overføring av administrasjon av fylkesvegar**

Prosjektleiaren varsla i arbeidsdokument 7/19 eit tilleggsnotat til finansutvalet om overføring av fylkesvegadministrasjonen frå staten til fylkeskommunane.

Regjeringa har i Prop. 1 S Tillegg 1 Overføring av administrasjon av fylkesveier fra Statens vegvesen til fylkeskommunene, som vart lagt fram 8. november, foreslått korleis overføringa skal gjennomførast.

### **Overføring av tilsette og ressursar**

Kartlegging frå Statens vegvesen i 2018 viser at oppgåvene staten har utført på fylkesvegane under ordninga med sams vegadministrasjon utgjorde om lag 1 850 stillingar.

Ved utrekning av overføringa av ressursar held regjeringa fast på talet på 1 850 stillingar. Av desse stillingane har fylkeskommunane frå før dekkja 775 stillingar gjennom finansiering av investeringsprosjekt.

Dei resterande 1 075 stillingane foreslår regjeringa å dekkja ved overføring av 1 199 mill. 2020-kr til fylkeskommunane. Dette utgjer dermed kr 1 115 300 pr stilling.

### **Samarbeidsavtale**

I tilleggsproposisjonen er det peika på at det er viktig at partane samarbeider i overgangsfasen for å sikre at tenesteleveransane vert ivartekne på ein god måte også i overgangsåret 2020. Statens vegvesen vil ha dialog med fylkeskommunane om m.a. oppfølging av driftskontraktane.

Det vert lagt opp til såkalla overbygningsavtalar som skal regulere forhold rundt overføringa. I overgangsfasen vil ikkje alt vere klart og det vert oppmoda om å finne praktiske løysingar av oppgåvene i samarbeid mellom Statens vegvesen og den einskilde fylkeskommune.

Det kan vidare vere aktuelt med permanent samarbeid om driftskontraktar for å sikre effektiv drift og vedlikehald av vegstrekningar med samanhengande riks- og fylkesvegar.

## **Utstyr brukt til sams vegadministrasjon**

Til no har utstyret til Statens vegvesen vore nytta både til riks- og fylkesvegar. Statens vegvesen vil gå i dialog med fylkeskommunane om overføring av utstyr. I tilleggsproposisjonen er det nemnt at overføringa av utstyr vil ta utgangspunkt i det Statens vegvesen ikkje treng til arbeid på riksveg. Til gjengjeld skal fylkeskommunane vederlagsfritt få det utstyret staten ikkje treng til riksvegdrifta.

## **Verknader for Vestland fylkeskommune**

Regjeringa foreslår som nemnt å overføre kr 1 199 mill. kr frå staten til fylkeskommunane for endringane innan fylkesvegadministrasjonen – tilsvarande vel 1,1 mill. kr pr stilling.

Summen er foreslått overført frå Samferdselsdepartement til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og posten Rammetilskot til fylkeskommunar (Frie inntekter). Summen vert fordelt i den såkalla tabell C i inntektssystemet – saker med særskilt fordeling.

Vestland fylkeskommune sin del utgjer kr 181 802 000 eller 15,2% av den samla overføringssummen. Med vel 1,1 mill. kr pr stilling utgjer dette 163 stillingar for Vestland fylkeskommune.

## **Prosjektlear sine merknader**

Det har vore ein lang prosess fram til denne tilleggsproposisjonen vart lagt fram mindre enn to månader før ansvarsoverføringa skal gjennomførast.

Sjølv om prosessen har pågått over tid, står det enno att mange praktiske tilhøve som ikkje er på plass. Det er difor positivt at det fleire stader i tilleggsproposisjonen er nemnt at det vil vere behov for samarbeid mellom partane i overgangsfasen og særleg det første året etter overføringa.

Prosjektlear har enno ikkje fullt oversyn over fylkeskommunen sine kostnadar med overføringa av fylkesvegadministrasjonen. Om 181,8 mill. kr er tilstrekkeleg til å dekke naudsynte lønskostnadar og utstyr vil vi ikkje ha oversikt over før alle tilsette er på plass og vi er godt i gang med året 2020. På grunn av dette vil prosjektlear no tilrå å tilføre heile beløpet på 181,8 kr til løyvingsnivået «Veg – drift og vedlikehald». Eventuelle flyttingar til andre løyvingsnivå vert å kome attende til i løpet av 2020.

## **Framlegg til prosessvedtak**

Løyvingsnivå «Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning» vert auka med 181,8 mill. kr.

Løyvingsnivå «Veg – drift og vedlikehald» vert auka med 181,8 mill. kr.